

Kvamskogen vel v/ Erik Bjerring Hansen

Postboks 245 Indre Arna

5822 Bergen

Vår ref.

09/872-109/N-111.2//LARVIK

Dykkar ref.

Erik Bjerring Hansen

Dato:

15.03.2010

Svar til Kvamskogen Vel vedkomande innføring av eigedomsskatt

Vi viser til Dykkar brev av 14. november 2009 og purring på svar den 3. februar 2010. Vi seier oss leie for at De ikkje har fått svar tidlegare.

Kvam heradsstyre vedtok i sak 125/09 den 15. desember 2009 å innføra eigedomsskatt i heile heradet. For bustader og fritidshus vart det vedteke ein skattesats på 2,5 promille.

I brevet Dykkar kjem De med fleire ønskje til tiltak på Kvamskogen. Kvam herad har i mange år gjeve kr. 70.000,- i tilskot til løypepreparering. Dette tilskotet vert også gjeve for 2010. I rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2010, vart det føreslege å gje eit tilskot på kr. 100.000,- til merking av turstiar og turløyper på Kvamskogen. Dette vart også vedteke.

Hordaland fylkeskommune har gjeve Kvam herad eit øyremerka tilskot på kr. 100.000,- til tilrettelegging av turvegar i Kvam herad. Deler av desse midlane vil også kunna nyttast på Kvamskogen.

Det er rett at Kvamskogen er eit eige avgiftsområde. I budsjettet for 2009 vart det vedteke å redusera årsgebyra for vatn og kloakk med kr. 1.250,- inkl. mva. i høve til 2008. Vidare vart desse gebyra ytterlegare redusert med kr. 375,- inkl. mva. i budsjettet for 2010. Samla reduksjon i gebyr er såleis på kr. 1.625,- pr. år for Kvamskogen avgiftsområde.

Som De sikkert veit, innfører mange kommunar i Noreg for tida eigedomsskatt. I Hordaland gjeld dette i tillegg til Kvam, bl.a. Voss, Vaksdal og Kvinnherad. Ikkje alle desse kommunane har gjennomført utbygging av eldreomsorg, skular og barnehagar slik Kvam har. Årsakene til at kommunane innfører eigedomsskatt er bl.a. at det ikkje er samsvar mellom dei oppgåvene kommunane skal yta og finansieringa av desse oppgåvene. Her kan vi nemna bl.a. manglande finansiering av barnehagesatsinga som i følge KS utgjør 1,5 milliardar kroner. For Kvam utgjør dette knappe 3 mill. kr. Eit anna problem er at det sjeldan er samsvar mellom løns- og prisveksten i kommunane og den kompensasjonen staten gjev til dekking av denne veksten.

Dersom det skal nyttast meir pengar på Kvamskogen enn det som er vedteke, må dette handsamast politisk. Ordføraren i Kvam ønskjer å invitera representantar for Kvamskogen Vel

til ein samtale om bruk av kommunale midlar på Kvamskogen og føreslår anten 9. eller 16. april 2010 kl. 14.00 som aktuelle dagar og tidspunkt.

Dersom dette er av interesse, kan underteikna kontaktast på telefon 56 55 31 54 eller e-post larvik@kvam.kommune.no.

Med helsing

Lars Kristian Vikøy
Økonomisjef